

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Øyvind H. Oddekalv	TI - &29	17/1453

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
82/2017	Kommunestyret	PS	14.06.2017

Interpellasjon - vannscooter

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Interpellasjon lokalt tilpassa regelverk om vannskuterkjøring

Ein gjennomgang av høyringsuttalane til oppheving av dei nasjonale forskriftera gjort av Naturvernforbundet viser at folk flest ikkje ønskjer meir kjøring i strandsona. Likevel opnar Regjeringa for frislepp av vannskuterkjøring, tett til land, utan avgrensing. Fredag 19. mai vart det kjent at Regjeringa oppheva dei nasjonale forskriftene for bruk av vannskuter med umiddelbar verknad. Formålet var å likestille dei med fritidsbåtar og gje ansvaret til kvar kommunane å bestemme reglane for vannskuterkjøring. Tidlegare var det forbode å kjøre vannskuter nærmare enn 400 meter frå land. No skal ein kunne kjøre nesten heilt inntil strandkanten, langs øyar og skjær med sjøfugl og badegjestar. Det vil fortsatt vere forbode å kjøre meir enn femti meter frå badestrender, men mange frykter massive brudd på denne regelen etter frisleppet.

Dei fleste sier nei

Eit stort fleirtal av kommunene ønskjer ikkje det nye regelverket. Meir enn åtti prosent av dei 84 kommunane som har uttala seg i høyringa seir klart nei. Store byar som Oslo, Kristiansand, Stavanger, Bergen og Trondheim seier nei. På heile stripa frå svenskegrensa via Oslo og Kristiansand til Bergen er det berre Drammen, Lillesand og Sandnes som synast det er ein god ide å sleppe støyande vannskutere tett inn på badestrender, fuglereservat og anna. Også reiselivsorganisasjonane og natur- og friluftsorganisasjonane er imot fri ferdsel for vannskutere.

Ny trussel for sårbare fugler

Frisleppet av vannskutere vil kunne gå hardt ut over ærfugl, terner og andre sjøfuglar som allereie opplever utfordringar i den sårbare perioden med rusing og små ungar spesielt. Forsking viser at fuglane langt på veg tilpassar seg småbåttrafikk som i stor grad følgjer faste seilingsleiar, mens skuternes totalt uforutsigbare kjøring stressar dei på ein helt annan måte. Mange sjøfuglar opplever no ein dramatisk nedgang i bestandene, og fleire er hamna på raudlista som utrydningstrua. Det siste dei treng er ein ny trussel.

Kapasitet og kompetanse

Jamnt over fortel kommunane at dei ikkje har kapasitet eller kompetanse til å utforme eige regelverk, og at nasjonale retningsliner er det einaste fornuftige. Korleis skal folk, politi, naturoppsyn og turistar forholde seg til forskjellige reglar i kommunene i Nordhordland? Det du får lov til på den eine sida av skjæret, kan være forbode på den andre.

Midlertidig gjeninnføring av nasjonale forskrifter

Kommunestyret bes om å gjeninnføre dei nasjonale forskrifta fram til administrasjonen har fått kartlagt kva verknad oppheving av forskrifta vil få etter dei lokale forholda, jf. Naturmangfaldslova §§ 8, 9, 10, 12 og Grunnlovas § 112, slik kommunen er pliktig å gjere. Det er viktig at dette blir gjort no, slik at dei som eventuelt kjøper vasscooter i kommunen til ein kvar tid veit kva dei skal forholde seg til. Kanskje må vasscooterkjøring sjåast i samanheng med kystsoneplanlegging vi har vedtatt å lage.

Alternativ framlegg til vedtak:

Meland kommunestyre vil gjeninnføre den nasjonale forskriften av 21.juni 2013 nr.701 om bruk av vasscooter til kommunen har kartlagt kva konsekvensar opphevinga får, jf. Naturmangfaldslova §§ 8, 9, 10, 12 og Grunnlovas § 112. Kommunestyre ber administrasjonen fremje ei sak med anbefaling i løpet av hausten 2017.

Med helsing
Karina Garnes Reigstad
Gruppeleiar MDG i Meland.

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret - 82/2017

KS - behandling:

Svar på interpellasjonen om om lokalt tilpassa regelverk om vasscooterkjøring

Interpellasjonen frå Karina Garnes Reigstad (MDG) går på at ein ønskjer å gjeninnføre den gamle forskriften fram til rådmannen har fått klarlagt kva konsekvensar opphevinga får, og at det til hausten skal leggjast fram ei sak som fortel kva reglar meland kommune skal legge seg på.

La det vere heilt klart i starten av innlegget mitt, eg er heilt einigi det aller meste som interpellanten skriv i innlegget sitt. At regjeringa har trumfa gjennom liberaliseringa av vasscooterreglane, på tross av den motstanden som er i kommune-Norge, kan føystast på lista over «store politiske sigrar», slik som segway og lakrispiper.

Men, den gamle forskriften er oppheva, vasscooter blir no rekna som ein småbåt. Dette kompliserer biletet når det gjeld å regulere dette fartøyet. Dersom vi skal innføre eiga forskrift, t.d. etter hamne- og farvasslova, den sentrale fartsforskrifta, etter motorferdsleslova eller småbåtlova, så er det uansett ei tre månaders høyringsfrist for dette. Det vil og vere komplisert å innføre dette berre for Meland kommune.

Eg vil leggje fram eit alternativt framlegg til vedtak i saka, der vi foreslår at vi oversender saka til rådmannen og at han tar kontakt med rådmennene i nabokommunane, om eit ev. samarbeid om

utarbeiding av ei forskrift som regulerer vasscooterkøyring.

Det vart røysta over om kommunstyret skulle realitetsbehandla saka eller avvise saka.

Avrøysting:

20 røysta for å realitetsbehandla saka, (7 AP, 1 H, 3 SP, 3 KrF, 1 V, 2 MDG, 2 Uavh, 1 BF).
7 ønskte ikkje å realitetsbehandla saka, (4H, 3 FrP).

Alternativt framlegg til vedtak frå Øyvind H. Oddekalv:

Saka blir send til rådmannen som blir beden om å ta kontakt med nabokommunane om eit ev. samarbeid om ei felles tilnærming til saka.

Karina Garnes Reigstad trekte så sitt framlegg til vedtak.

Avrøysting:

Framlegg til vedtak frå Øyvind H. Oddekalv fekk 24 røyster for, (AP, H, SP, KrF, MDG, V, Uavh, BF), 3 røyster mot, (FrP), og er såleis vedteke.

KS - vedtak:

Saka blir send til rådmannen som blir beden om å ta kontakt med nabokommunane om eit ev. samarbeid om ei felles tilnærming til saka.